



ÅRSMELDING

for 2016

Sandsøy Idrettslag
6089 Sandshamn

Hovudsamarbeidspartnar 2016:





Tillitsverv 2016

Sandsøy Idrettslag har i 2016 bestått av hovudstyre, trimgruppe, fotballgruppe, banenemnd, kiosknemnd, valkomité, rekneskapsfører og revisorar.

Det har vore totalt 27 tillitsverv, fordelt på 21 personar, der ni av desse er kvinner og tolv er menn. Av dei 27 verva, er elleve dekt av kvinner og 16 av menn. Seks personar har hatt to verv kvar. I tillegg er eitt 'verv' ein innkjøpt teneste; Sande Rekneskap AS.

Hovudstyre:

Leiar: Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar: Endre Vorren
Sekretær: Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar: Svein Helge Bringsvor
Styremedlem: Knut Olav Skare
Vara: Gunnhild Bringsvor
Vara: Bjørn Voksøy

Undergrupper og nemnder:

Leiar, banenemnd: Arnvald Bringsvor
Leiar, kiosknemnd: Anne Bjørg Bringsvor
Leiar, trimgruppa: Anders Bringsvor
Leiar, fotballgruppa: Svein Helge Bringsvor

Valkomité: Jorunn Worren, Vidar Waage, Solgunn R. Våge
(Rekneskapsfører: Sande Rekneskap AS)
Revisorar: Jan Bugge, Anna Kirsti Skare

Viser til liste over tillitsverv for fullstendig oversikt.

Styret sitt arbeid

Det er siste året halde åtte styremøte, der totalt 41 saker er tekne opp.

Hovudfokus i 2016 har vore ferdigstilling av klubbhusprosjektet. Det har vore nokre utfordringar undervegs, men alt i alt har det gått bra. Det nye treningsstudioet har vore ein suksess så langt.

I februar vart det bestemt å gjere eit meir omfattande arbeid på det eksisterande handikaptalettet enn først tenkt. Dette er å rekne som eit tilleggspjeksjekt til hovudprosjektet (tilbygget). Det vart samtidig også vedteke å kople klubbhuset opp til fibernettet, som er under utbygging. Forhåpentlegvis vil det vere Internett-tilgang på huset i løpet av første halvdel av 2017!



Frå våren av hadde vi tilbod om kjøp av trenings-/overtrekksklede som vi fekk i stand avtale om med butikken Tegu Sport på Hamar. Mange har utover året nytta seg av dette tilbodet, og vi ser på det som eit vellukka tiltak.

Vi var i august atter ein gong med i samarbeidslaget som stod for matserving med meir under Arthur-helga. Det vart igjen relativt gode inntekter frå tilstellingane, spesielt med tanke på at vêret gjorde frammøtet mindre enn det vanlegvis har vore. Godt jobba!

Elles har representantar frå styret delteke på nokre møter i regi av blant anna Sande Idrettsråd og Møre og Romsdal Idrettskrins.

Trimgruppa har vore delaktig i eit fellesprosjekt for alle idrettslaga i Sande, som går ut på å merke og skilte utvalde trimløyper i kommunen. For vår del har stien frå Skare til Dollsteinen vore inkludert. Både merkepinnar og skilt ut langs fjøra er skifta. Det kjem også nytt informasjonsskilt på Skarshaugen om løypa og Dollsteinhola etter kvart.

Dei siste par åra har heimesida vår på Internett, *sandsoyil.no*, utvikla seg jamt og trutt. Sida har vore oppdatert ofte, med stadig nye saker og anna stoff. All aktivitet i idrettslaget er omtala på nettsida. I desember 2016 gjekk vi over til ei ny og betre side, som er mykje enklare å redigere enn den gamle.

Også Facebook-sida vår har titt og ofte vore i bruk. I tillegg til å legge ut korte beskjedar og linkar til saker på heimesida, har vi av og til lagt ut korte videoar frå for eksempel fotballkampane. Bilete har også vorte publisert på Facebook.

I samband med bygginga av klubbhuset, har vi fått gjort ein del arbeid også på den gamle delen. Vi kan nemne utvendig beising, renovering av handikap-toalettet og bygging av hyller i utstyrsmromet. Det er også planlagt (og delvis kome i gang med) skifte av kjøkeninnreiing og maling av veggjar på kjøkenet.

Eit stort høgdepunkt for idrettslaget var då klubbhuset – med dei nye garderobene og treningsstudioet – vart nyopna den 7. oktober. Mange var til stades og feira det flotte tilbodet vi no har i bygda vår. Oppsummering av prosjektet er eigen sak på årsmøtet.

Aktivitet i idrettslaget

Sjutoppsturen

Langfredag i påska 2016 vart nok ein flott dag. Dette var tolvte gongen idrettslaget har arrangert Sjutoppsturen, og heller ikkje denne gongen utan suksess. Heile 369 deltakarar totalt, fordelt på fjellturen og landevegsmarsjen. Dette er det andre beste deltakartalet for arrangementet, berre slått av rekordåret 2014, då det var 440 deltakarar.

Det er tydeleg at interessa for Sjutoppsturen er stor og ikkje minkande. Vi har alle moglegheiter til å utvikle arrangementet ytterlegare, dersom vi vil. Det viser også igjen i sponsortilskotet, som auka frå cirka 10 til 20 000 kr frå 2015 til 2016.



Gjennomføringa gjekk så å seie etter planen. Tilbakemeldingane frå deltakarar og andre er positive og/eller konstruktive. Til og med personen som brakk ein fot på veg ned til Hellandsvågane var full av lovord, og garanterte at det ikkje var siste deltaking.

Pokal for deltaking og fullføring av Sjutoppsturen ti gongar til Anders Bringsvor.

Fotballen

Også dette året hadde vi tre aldersbestemte lag som alle var i samarbeid med Kvamsøy IL. Dette var gutar/jenter 9 år, jenter 13 år og gutar 13 år. Dei to sistnemnde spelte enkeltkampar i serie, medan dei yngste deltok på turneringar. I tillegg var alle laga med på Gursken Cup i august.

Frå vår side er det Bjørn Thore Hansen (GJ9), Endre Vorren (G13) og Svein Helge Bringsvor (J13) som har vore involvert som trenarar og/eller oppmenn.

På dei tre fotballaga våre, har det totalt vore med fem jenter og åtte gutar i alderen 8-13 år.

Trettenårslaga deltok for første året i avdelingar med teljande resultat og tabellrangering, sidan dei no er ein del av ungdomsfotballen. Forbundet har lagt det opp slik at laga sjølve kan velje kva divisjon dei vil spele i, både for våren og for hausten.

Jentelaget vann alle kampane sine i vårsesongen, og kom dermed på førsteplass i den eine av 2.divisjonsavdelingane. I haust gjorde dei også skarpt, noko som resulterte i sju singlar og ein uavgjort kamp. Nok ein gong førsteplass, her i 3.divisjon.

Gutane hadde ein noko meir varierende sesong, med høge toppar og litt svakare enkeltkampar. I vår spelte dei i 2.divisjon avdeling 1. Dei enda midt på tabellen, som nummer fire av sju lag etter like mange singlar som tap, og ingen uavgjorte på seks kampar. Haustsesongen i 3.divisjon bestod av seks vunne og fire tapte kampar. Laget vart nummer tre av seks på tabellen, med seks poeng opp til vinnaren og à poeng med nummer to.

Fotballsesongen 2016 var det totalt sju kampar i Oshaugane – tre før og fire etter sommarpausen.

Kvamsøy IL arrangerte turnering for G09-laget laurdag 24. september, og stod også for avslutningsfesten for 2016-sesongen fredag 18. november, der alle laga våre var samla.

Trimtilbodet

I fjor skreiv vi: «Året 2015 toppa dei føregåande gode åra når det gjeld bruken av trimløypene på Sandsøya og Voksa. Med totalt 12 944 signeringar fordelt på dei elleve bøkene, var det ein oppgang på 1 914 frå 2014, då folk skreiv seg 11 030 gongar. I 2013 var talet 7 058, men då med to færre trimpostar.»



I 2016 var det 14 912 registrerte besøk på trimpostane våre.

I 2015 vart det innført nye reglar for premiering. For borna er det framleis som før, at ein får premie dersom ein har besøkt alle postane *eller* har oppnådd ein viss poengsum. Det nye, som er uavhengig av alder, er merkeordninga der ein får heider, ære og diplom dersom ein klarer 300 (bronse), 500 (sølv) eller 1000 poeng (gull).

Denne gongen var det 19 personar som fekk bronse, elleve som klarte sølv, og ti som bikka gull-kravet. Totalt var det 40 personar klarte minimum 300 poeng. I fjor var talet 31.

Fullstendig statistikk er å finne på sandsoyil.no, og vi viser også til trimgruppa si utdeling av premiar for trimåret 2016.

Deltakarar på løpskonkurransar

Også i 2016 har idrettslaget stadig vore representert på individuelle konkurransar rundt om. Under føresetnad av at ingenting har gått under radaren, er alt omtala på Internett-sida vår.

Dei åtte som har ført Sandsøy IL på påmeldingsinformasjonen sin er Tony Stian Våge, Åsmund Bringsvor, Eirik Voksøy Bringsvor, Sigfred Worren Nystøyl, Juliane Voksøy Bringsvor, Vebjørn Støyle Bringsvor, Anders Bringsvor og Thomas Voksøy Bringsvor.

Vi har vore med på følgjande konkurransar:

På vårparten: Sjutoppsturen, 1. mai-løpet (Åheim), Molde7Topper, Motbakkeløpet til Hidsegga (Moltustranda), Varden Opp (Langevåg), Blåfelden Opp (Syvde), Birkebeinerløpet (Lillehammer), Nibbeløpet (Geiranger), Molden Opp (Gaupne, NM-status), Ørsta Fjellmaraton (Follestaddalen) og Blåhø Opp (Vågåmo).

Hautsesongen: Atlanterhavsløpet (Averøya/Fræna), Saudehornet Rett Opp (Ørsta), Skåla Opp (Loen), Troda Opp (Davik), Melshorn Opp (Hjørungavåg), Skarsteinsætra Opp (Olden), Ålesund Triathlon, Røddalshornet Opp (Leikong) og Vetten Opp (Måløy).

Dette året har representantane våre oppnådd tre førsteplassar, fire andreplassar og to tredjeplassar. Alle konkurransane er løpskonkurransar (Ålesund Triathlon også med symjing og sykling), dei fleste med betydeleg innslag av terreng og fjell.

Fotballkveld

I samband med opninga av klubbhuset, arrangerte vi «Fotballkveld» fredag 7. oktober. Her var det med om lag 25 unge og litt eldre fotballglade menneske. Det vart inndelt i tre lag, som kvar spelte fire kampar à ti minutt. Innsatsen var formidabel, og fleire av dei yngste ønskte at tilstellinga burde gjentakast!



Medlemsmasse

Medlemstal for 2015

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år +	Totalt
Kvinner	2	6	3	0	17	28
Menn	2	6	2	1	21	32
Totalt	4	12	5	1	38	60

Medlemstal for 2016

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år +	Totalt
Kvinner	0	3	9	3	33	48
Menn	1	5	9	3	31	49
Totalt	1	8	18	6	64	97

Medlemstalsutvikling 2012-2016

	2012	2013	2014	2015	2016
Kvinner	29	30	27	28	48
Menn	32	35	28	32	49
Totalt	61	65	55	60	97

Perioden 2005-2009 var medlemstalet oppe i mellom 80 og 100. Dei siste åra har vi hatt ein nokså stabil medlemsmasse på rundt 60 medlemmer. Den veldige auken i 2016 skuldast treningsstudioet. Skilnaden i pris på abonnent for medlemmer kontra ikkje-medlemmer har gjort at vi har fått mange nye til å skrive seg som medlem i idrettslaget.

Økonomisk status

Viser til rekneskaper for detaljert oversikt. Klubbhusprosjektet har sjølvsagt sin eigen rekneskap, og denne vert omtala på årsmøtet under eigen sak om prosjektet.

Som ein god konsekvens av at klubbhuset no er ferdig, har vi fått ein fin auke i medlemspengar og sjølvsagt ein ny inntektspost med abonnent. Dette utgjør totalt ein auke i inntektene på om lag 55 000 kroner samanlikna med 2015. I tillegg var august-helga tilbake i 2016. Grasrot-midlane har auka med over 20 000, til 39 000 kr. Det er fantastisk.

Nedgangen i kioskinntekter skuldast hovudsakleg at vi ikkje arrangerte fotballturnering for det yngste laget dette året. Turstiprosjektet skal gå i null, men alle kostnadane har ikkje kome enno. Difor er det overskot på dette punktet.

Posten for lønningar gjeld arbeidet med oppføringa av klubbhus-tilbygget (overført til klubbhusrekneskaper) og jamleg vasking innvendig no i driftsfasen. Auken i straumkostnadar skuldast både bygginga av klubbhuset og bruken av treningsstudioet.



Bakgrunnen for nokre av tala i rekneskapen:

- Auke i utgifter Sjutoppsturen: Røde Kors kr 4.000, buss kr 1.000 og premiar ca. kr 6.500 (2015-2016).
- Auke i inntekter Sjutoppsturen: Sponsing kr 10.000, kiosk kr 2.000, buss kr 600 og startkontingent kr 7.500 (2015-2016).
- Nedgang sponsorinntekter 2016: Mindre tilskot frå kommunen (kulturmidlar) med kr 3.000 og LAM (lokale aktivitetsmidlar) med kr 2.000 (2015-2016).
- Forbruksvarer: Det er for det meste tørkepapir, toalettpapir, såpe osv. til treningsstudio og toalett. Ca. kr 6.500.
- Rekneskap/programlisensar: Dette er det vi betaler for å få ført rekneskapen.
- Forsikring: Før betalte vi forsikringspremien i eitt avdrag, no er det delt på fire. Den nye premien er på kr 7.941 per år (gjeld også tilbygget). Tidlegare kr 7.000 per år.

Summa summarum er overskotet for driftsåret 2016 på 123 507 kroner.

Sandshamn, 22. februar 2017

Styret i Sandsøy Idrettslag

Anne Bjørg Bringsvor, leiar

Endre Vorren, nestleiar

Eirik Voksøy Bringsvor, sekretær

Svein Helge Bringsvor, kasserar

Knut Olav Skare, styremedlem